



Skorpofolket har fått handlenett - i helga får også feriefolket på fastlandet slike.

SPAR Uskedalen gjør ein ny miljøinnsats no ved inngongen til påska – dei deler ut slitesterke handlenett

til feriefolket slik dei har gjort det før til dei fastbuande.

Torsdag ettermiddag var dei på rundtur til hyttene på Skorpo og nesten alle (27 i talet) fekk eit slitesterkt handlenett på dørlinka med eit hyggeleg brev og ei velskamande overrasking oppi. No i palmehelga kjem turen til feriefolket på "fastlandet".

- Hyttefolket på Skorpo og andre ferierande i Uskedalen betyr svært mykje for oss og det er viktig at også dei blir teke skikkeleg hand om, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no.

Ho er ellers gledeleg overraska over at så mange av dei fastbuande brukar handlenetta sine.

- Det er også mange som snakkar om denne vesle miljøinnsatsen vår og alt i alt må ein konkludera med at den har vore vellukka, seier Bente.

Av Ola Matti Mathisen